

# MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM – FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Rossland skule  
v/ Lars Arne Markhus  
Vikebø  
5917 ROSSLAND

Dykkar ref: Vår ref: Sakshandsamar: Direkte tlf: Arkivkode: Dato:  
05/02592-1 Grethe Elin Mjelde 56 37 57 70 J74 24.11.2005

## RAPPORT INNEKLIMAVURDERING VED ROSSLAND SKULE, Rom 1.

Rektor Lars Arne Markus ved Rossland skule tok kontakt med Miljøretta helsevern den 25.10.05. Han ynskte ei vurdering av inneklima grunna lukt i eit klasserom. Underteikna utførte ei vurdering av forholda i Rom 1 (i bygget frå 1964) den 23.11.2005.

Bakgrunn for vurderinga er at personale opplever ubehagelig lukt i rommet. Dette er verst om morgonen. Lukta har vore sida i haust, kring september.

### • **Beskriving av klasserommet**

Rom 1 har tidligare vore eit gammalt lærarrom. Her har vore både toalett og vask. Bygget er frå 1964. For om lag 10 år sidan blei rommet bygd om til klasserom. Det er nå berre ein vask i rommet. Det er dårleg ventilasjon (små kanalar og liten vifte).

Det er vindauge som kan opnast, og dei vert nytta til lufting.

### • **Målingar**

Det blei ikkje utført målingar ved denne synfaringa.

### • **Diskusjon:**

Saman med verneombod Rune Brekkhus og vaktmeister Jarle Lillemoen, blei det utført ein synfaring. Rektor Lars Arne Markhus var med på deler av synfaringa.

---

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Konto
Postboks 55, 5902 Isdalstø	Nordhordlandshallen	56 37 57 70	56 37 50 87	7413 05 01005
				Organisasjonsnr. 935 084 733

Det blei ikkje observert noko synleg årsak til luktplaga i rommet. Vaktmeister har inspisert vasken, for å sjå om det var noko med denne, men han fann ingen feil.

Rommet er vorte ombygd, og i samband med det har vegger vorte lekta ut. Det går vassrøyr i den eine vegg. Det er ingen synlege teikn til fukt. Det blei og føreteke ei synfaring på loftet over rommet. Her var det tørt, og ingen teikn til fukt. Det blei observert at det har vore gnagarar (mus/rotte) på loftet. Dette var synleg grunna oppete papir og liknande, samt avføring frå gnagarar.

Det var ope hol ned til himling og til utlekta vegg frå loftet. Det kan ikkje utelukkast at det er eit dødt dyr (mus/rotte) som ligg skjult i vegg/tak som kan vere årsak til lukta.

## • **Konklusjon og anbefalingar**

Ut frå synfaringa er det nærliggande å tru at lukta kjem frå ei død mus/rotte som ligg skjult i vegg/tak. Problemet med lukt starta ca. september 2005, så det har ikkje vore eit problem over lang tid.

Ein kan heller ikkje utelukke vasslekkasje bakom vegg eller i golv frå gamle røyr, som kan gje vekstvilkår for muggsopp.

Underteikna anbefaler at ein ventar ca. 1 - 2 månader før ein utførar vidare undersøking. Om det er ei mus/rotte som luktar, vil dette gje seg etter ei tid. Er det vasslekkasje, så vil oppvekst av muggsopp berre auke, og ein vil oppleve meir lukt.

Det er viktig at ein fylgjer med ang. lukta i tida som kjem, og merkar seg eventuelle endringar.

Det er elles dårleg ventilasjon i rommet, så ein må hugse å lufte ofte.

Eventuelle spørsmål kan rettast til underteikna.

Med helsing

Grethe Elin Mjelde  
Teknisk-hygienisk ingeniør

Kopi:  
Meland kommune v/ kommunelege 1, Tord Moltumyr